

Vedlegg 13: Refleksjonsnotat - Henrik Bakke

Gjennom denne bachelor oppgåva eg har skrevet med Eirik Tørud Håland så har eg lært mykje og gjort ting eg aldri har gjort før. Eg starta med å lage gant diagram til framdriftsplanlegginga, her såg vi ilag på alle aktivitetane vi måtte gjennomgå og all tida vi kom til å bruke. Dette var veldig lærerikt, for dette er noko som kjem til å være veldig relevant når me kjem ut i arbeidslivet. Igjennom semesteret såg vi at den framdrifta vi satt var ambisiøs og vi ikkje klarte å holde den så vi hadde lagt inn ein buffer og oppdaterte planen.

Når vi skulle halde intervju så var vi nøydt til å søkje til sikt.no for å få løyve til å behandle personleg informasjon. Her måtte me lage samsvarserklæring og intervjuguidar slik at dei fekk sjå kvarleis vi behandla informasjonen. Dette vart sendt inn og med litt revidering godkjent. Når vi haldt intervjeta så møtte me intervjuobjekta på ein lokasjon som passa dei. Vi satt av ca. 1 time til kvar av dei og det eine var litt kortare og dei andre var akkurat på tida. Utifrå intervjeta fekk me masse god informasjon og eg tykkjer dei var veldig relevante til oppgåva og laga eit godt underlag for spørjeundersøkinga.

Spørjeundersøkinga vår laga me i Survey Exact og hadde abonnent der gjennom HVL. Dette var eit godt hjelphemiddel då det var enkelt å lage spørsmål, det var enkelt å sende ut og ein fekk gode presentasjonar av svara. Gjennom kontaktar og kjenningar så fekk me sendt ut spørjeundersøkinga og vi fekk mange gode svar. Eg vart veldig nøgd med spørjeundersøkinga og svara vi fekk, sjølv om det var eit eller to svar som var negative.

Samarbeidet gjennom oppgåva har vore veldig bra, vi har utfyldt kvarandre og har delegert arbeid som den eine av oss ikkje hadde heilt kontroll på. Visst Eirik trengte hjelp med ei kjelde så hjelpte eg han, og visst eg trengte hjelp med rettskrivinga så hjelpte han meg. Vi har sett at vi utfylte kvarandre godt og det har vore godt humør og god arbeidsmoral gjennom heile oppgåva.

Alt i alt så var dette ein lærerikprosess og ei oppgåve vi kan ta med oss vidare i arbeidslivet. Eg har lært meg intervjuteknikkar, framdriftsplanar, eg har lært mykje om gjenbruk og ombruk og eg har lært mykje om krava i byggebransjen.